



MØTEPROTOKOLL

A

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus, møterom Kommunestyresalen
Dato: 04.11.2020
Tid: 13.00 – 17.30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Berit Lyngstad	Medlem
Gerd Bang Brevik	Medlem

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Knut Kleiven	Medlem
Asbjørn Gausdal	Nestleiar

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
Nils Einar Garnes	Knut Kleiven
Vivian Roppen	Asbjørn Gausdal

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor.

Frå administrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Verner Larsen	Kommunedirektør. I sakene 47, 48, 49, 50, 51
Marit Botnen	Kommunalsjef helse- og omsorgsetaten. I sakene i sakene 47 og 48.
Ingrid Egebø Haug	Leiar PPT. I sak 49.
Gry Nordal	Kommunalsjef for oppvekst- og kulturetaten. I sak 49.
Steinar Nummedal	Økonomileiar. I sakene 50 og 51.

SAKLISTE

- SAK 43/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 44/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 45/20 MELDINGAR
- SAK 46/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 47/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN - TILSYNSRAPPORT
- SAK 48/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – HELSE OG OMSORG
- SAK 49/20 ORIENTERING FRÅ PPT
- SAK 50/20 TERTIALRAPPORTERING 2. TERTIAL 2020
- SAK 51/20 FINANSRAPPORT 2. TERTIAL 2020
- SAK 52/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021
- SAK 53/20 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING
- SAK 54/20 ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN
- SAK 55/20 REVISJONSPANLEGGING 2020 - FINANSIELL REVISJON
- SAK 56/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING
- SAK 57/20 BESTILLING AV PROSJEKTPLAN
FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
- SAK 58/20 SKULDINGAR MOT KONTROLLUTVALET

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/20	033	19.10.2020	04.11.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Behandlinga av sakene i denne rekkefølge: 43, 44, 47, 48, 49, 50, 51, 45, 46, 52, 53, 54, 55, 56, 57 og ny sak 58 vedkomande skuldingar mot kontrollutvalet, jamfør. sak 56 punkt 3.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Gerd Bang Brevik.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
44/20	049	19.10.2020	04.11.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 01.10.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 01.10.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/20	033&17	28.10.2020	04.11.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Brev frå Ulstein kommune, av 27.10.2020. «Evaluering av regionalt samarbeid om PPT».
2. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020. Bernt svarer «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».
3. Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2019.
4. Årsmelding 2019 Søre Sunnmøre Barnevernssamarbeid.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
46/20	033&58	23.10.2020	04.11.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside -

<https://innsyn.ulstein.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet:	21.04	
Arbeidsutvalet for utgreiing av kommunal barnehage:		
Fellesrådet:	25.08	13.10
Formannskapet:	01.09	20.10
Formannskapet som klageorgan:	11.08	
Kommunestyret:	10.09	
Levekårsutvalet:	26.08	14.10
Nammenemnda:	11.09	
Skattetakstnemnda:	02.09	
Styret i UEKF:	31.08	05.10
Teknisk utval:	27.08	15.10
Ungdomsrådet:		
Valutval:	03.02	
Viltnemnda:	17.06	
SSR IKS – styret		Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet		Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
47/20	030&18	29.10.2020	04.11.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – TILSYNSRAPPORT

Samrøystes vedtak

Orienteringa frå kommunedirektøren og kommunalsjef helse og omsorg vert teken til vitende.

I møtet

Kommunedirektør Verner Larsen og kommunalsjef Marit Botnen orienterte om tilsynsrapporten og oppfølginga av denne.

Erkjenner at det er gjort feil og tiltak er sett i verk for å rette opp.

Vedlegg

Rapport frå tilsyn med eigenandel for langtidsopphald i institusjon Ulstein kommune.

Saksopplysningar

Kommunedirektør Verner Larsen og kommunalsjef helse og omsorg Marit Botnen er kalla inn for å gi ei orientering om rapport frå tilsyn med utrekning av eigenandel for langtidsopphald i institusjon.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
48/20	030&18	28.10.2020	04.11.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – HELSE OG OMSORG

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef helse- og omsorg til vitende.

I møtet

Kommunalsjef Marit Botnen orienterte, bl.a. ved Power Point, som vil følgje saka vidare for informasjonen som kom fram.

Saksopplysning

Kommunedirektør v/ kommunalsjef helse- og omsorg Marit Botnen er kalla inn for å gi ei orientering om sektor for helse- og omsorg generelt, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunalsjef for helse og omsorg.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
49/20	030&18	29.10.2020	04.11.2020	KS

ORIENTERING FRÅ PPT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektør, PPT-leiar og kommunalsjef oppvekst- og kultur til vitende.

I møtet

Kommunedirektør Verner Larsen, kommunalsjef oppvekst- og kultur Gry Nordal og leiar for PPT Ingrid Egebø Haug orienterte og svare på spørsmåla.

Stor omlegging for PPT kontoret i Ulstein med utviding til så mange kommunar.

Ordninga meina dei fungerer godt etter kvart.

Det er oppretta samarbeidsorgan og eigarmøte mellom PPT og kommunane.

Arbeidsmetodane som PPT legg opp til er meir i samsvar med korleis det nye lovverket blir. Her blir det brukt mykje resursar. Dette inneber at ein snur fokuset frå ei diagnose til at lærarane blir flinkar å lære frå seg. Endre holdningar, arbeidsmåte, til kompetanseheving og mindre med det enkelte individ, men endring tek tid.

Målet er at ein skal arbeide med førebyggjande tiltak, noko forskning stadfestar.

PPT registrerer at Volda kommune ønskjer ein rapport om tenesta, noko Ulstein kommune – PPT meiner må kome seinare.

Saksopplysningar

Fleire av samarbeidskommunane om PPT-samarbeidet har sett fokus på tenesta. Ulstein kommune som vertskommune har det løpande ansvaret og kontrollutvalet har kontrollfunksjonen. Ein har difor bede kommunedirektør v/ leiar for PPT Ingrid Ebebø Haug om å orientere.

Leiar for PPT Ingrid Ebebø Haug orienterer om PPT sitt arbeid.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
50/20	212	28.10.2020	04.11.2020	JSa

TERTIALRAPPORTERING 2. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tertialrapport 2.tertial 2020 til vitende.

I møtet

Kommunedirektør Verner Larsen og økonomileiar Steinar Nummedal orienterte og svara på spørsmål.

Ligg an til stort meirforbruk. Ut over dette vert det vist til kommunedirektøren si saksutgreiing til formannskap/kommunestyret, som ligg ved saka.

Vedlegg

Saksframlegg frå kommunedirektøren datert 06.10.2020

Saksopplysning:

1. Ulstein Kommune har høg arbeidsløyse pga. konkurs i skipsindustrien og marknaden innan shipping. Som ein følge av dette har kommunen nedgang i folketalet.
2. Fleire tenesteområder har betydelege utfordringar med å halde seg innanfor budsjettammene uavhengig av covid-19.
3. Handtering av covid-19 har hovudfokus, m.a.:
 - å få ut informasjon
 - å foreta risiko- og sikkerhetsanalyser
 - å justere beredskapsplaner etter dei erfaringane ein har gjort

Tilsette har takla utfordringane godt.

4. Kommunedirektøren har tidegare i år fått i oppgåve å sette i verk tiltak for å avgrense meirforbruk.
5. Stort underskot, også uavhengig av konsekvensar av pandemien.
6. Det blir rapportert om følgande avvik ved utgangen av august:

Folkevalde, sentraladministrasjon	-1,5 mill. meirforbruk
Oppvekst, kultur	-1,5 « «
Teknisk Etat	+4,9 « mindreforbruk
Helse og omsorg	-13,5 « meirforbruk

Skatteinntekter, rammetilskot +0,2 « «
Netto avvik -11,8 mill. netto meirforbruk

7. Det er gitt instruks om ein restriktiv innkjøps- og tilsettings-policy, men ikkje innkjøps- og tilsettingsstopp.
8. Administrasjonen anslår eit underskot på kr 15 -20 mill. for 2020.
9. For detaljinformasjon, sjå vedlegget.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
51/20	212	28.10.2020	04.11.2020	JSa

FINANSRAPPORT 2. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek Finansrapporten for 2. tertial 2020 til vitende.

I møtet

Kommunedirektør Verner Larsen og økonomileiar Steinar Nummedal orienterte og svara på spørsmål.

Vedlegg

1. Saksframlegg Finansrapport 2. tertial 2020 til Formannskapet og Kommunestyret, datert 12.10.2020
2. Rapport gjeldsportefølgje Ulstein Kommune 31.08.2020 frå Bergen Capital Management. Datert 07.09.2020
3. Rapport gjeldsportefølgje Ulstein Eigedom KF 31.08.2020 frå Bergen Capital Management. Datert 07.09.2020
4. Månadsrapport frå Odin Forvaltning pr. august 2020
5. Makrokommentarar frå Odin Forvaltning pr. august frå 2020

Saksutgreiing

- Finansforvaltninga til kommunen er delt mellom forvaltning av kommunen si lånegjeld og forvaltninga av ledig likviditet.
- Lånegjelda på kr 1,6 milliard er forvalta av Bergen Capital Management (BCM). Lånegjelda fordeler seg med kr 704 mill.til kommunen og kr 905 mill. til Ulstein Eigedom KF. Lånegjelda viser ein auke på ca. 100 mill. frå 31.12.2019. Dette refererer seg til utbygging av barneskulen og tomteutbygging på Skeide.
- Ledig likviditet i form av rente- og aksjefond er forvalta av Odin Forvaltning. Pr. 31. august er det plassert ca kr. 44,8 mill.
- Etter negativ avkastning ved utbreiing av koronapandemien er avkastninga på plasseringane no positiv igjen. Positiv urealisert gevinst pr. 31.08.2020 er ca. kr 600 000. Dette utgjer 1,36%.

- Den økonomiske utviklinga i 2020 er prega av:
 - ✓ økonomisk verdskrise som følge av covid-19
 - ✓ oljeprisfall
 - ✓ rekordlav rente, Norges Bank si styringsrente på 0
 - ✓ svak krone fører til høgre prisar på importerte varer

Etter fall i mars/april er mange marknader i ferd med å normalisere seg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
52/20	151	30.10.2020	04.11.2020	JS

BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2021 må ha ei ramme på kr 155.000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2021, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2021 blir på om lag kr 1.013.000.

Vedlegg

Brev frå Forum for kontroll og tilsyn, av 15.10.2020 «Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolkningen av kommuneloven § 23-5».

Saksopplysningar

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Utdrag frå KOSTRA rettleiaren som skal gå fram på funksjon 110:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet

	2021	2020
Leiargodtgjersle	30.000	30.000
Møtegodtgjersle	39.000	
Arbeidsgivaravgift	10.000	
Abonnement aviser og fagtidsskrifter	4.000	
Diverse utgifter	3.000	
Kursutgifter	50.000	75.000
Reiseutgifter, oppgåvepliktig	3.000	
Diettgodtgjersle, oppgåvepliktig	1.000	

	Km godtgjersle skattepliktig del	1.000	
	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig	7.000	
	Lisensar		
	Kontingentar – Medlemskap FKT	7.000	
	Moms-utgift drift med kompensasjon	.	
	Kompensasjon for meirverdiavgift	-.	
	Sum	155.000	

Kontrollutvalet tilrår eige budsjett som vert vedteke av kommunestyret.

Det er i 2020 ikkje budsjettert slik det er mulig med samanlikningsgrunnlag.

Godtgjersle til leiar er kr 30.000 per år og alle medlemmer og vara som møter får godtgjersle meir kr1.100 per møte.

Kontrollutvalet har i sak42/20 vedtek kr 50.000 til opplæring i 2021.

I budsjettet legg ein til grunn 7 møte å 2021.

Sekretariatet

		2021	2020
	Vest kontroll Kommunalt oppgavefelleskap	379.000	413.000

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet. Det er då ein årleg bindande fastpris.

Revisjonen

		2021	2020
	Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	479.000	462.000

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet.

Budsjettet vert utrekna etter brukt tid for dei siste fem åra og betalinga skjer etter timeforbruk, med pris fastsett av representantskapet. Budsjettert beløp vil aldri stemme med reelt forbruk, men gi meir ei oversikt, der det reelle kan verte både meir og mindre enn det oppsett budsjett. I summen inngår rekneskapsrevisjon, etterlevingsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre samt mindre konsulentoppdrag. Dvs. samla utbetaling til revisjonen for det aktuelle år. I denne samanheng kan nemnast at rekneskaperen for 2019 viser kr 531.216 og for 2018 kr 447.372.

Totalt budsjett for kontrollarbeidet

		2021	2020
	Samla	1.013.000	

Opplæring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemmer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalgsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet.

(Kontrollutvalgsboka 2016:16)

Saksgang

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal **uendra** følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om kontrollordninga sitt budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
53/20	026	28.10.2020	04.11.2020	JS

SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret registrerer at representantskapet og selskapet sine organ i Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS ikkje har følgd opp alle punkta som kom fram i selskapskontrollen jfr. Kommunestyret sitt vedtak i sak 128/19 Selskapskontroll av SSR IKS.
2. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

I møtet

Det vart fremma eit forslag til pkt. 2 frå Mork og Lyngstad: Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

Vedlegg

Oppfølgingskontrollen frå revisjonen, datert 26.10.2020.

Saksopplysningar

Vedtak i kommunestyresak 128/19

«1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp - innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.

3. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemmer har om eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.

4. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak

som er nødvendige for å tilfredsstillе gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

5. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020. «

Frå kontrollutvalssak 34/20

Frå saksutgreiinga

SSR IKS sende tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet 20.12.2019, jf vedlegg 1. Begge organa tok tilbakemeldinga til vitende. Men kontrollutvalet vedtok i sak 11/20:

Kontrollutvalet tek opp oppfølging av selskapskontrollen av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS når rekneskapen for 2019 ligg føre.

Vi viser Kommunestyret sitt vedtak i sak 128/19 og vedtaket i kontrollutvalssak 11/20 samt vedlegga i saka. Ut frå det som kjem fram kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekomme det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som utførte selskapskontrollen og kjenner godt til detaljane i undersøkinga, få i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføraren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er/vert følgt opp.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 94/19 Selskapskontroll av SSR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.

2. Kontrollutvalet ber ordføraren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

Oppfølging av selskapskontrollen frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Jamfør vedtak i kontrollutvalssak 34/20 pkt. 1.

Revisjonen si vurdering

Sjå vedlegget til saka. Kort fortalt kjem dette fram:

Fordelingsnøklar:

Er kvalitetssikra, men ikkje dokumentart av kven

Renter driftskreditt:

Her er det retta opp.

Aktivering av tomter

Delvis korrigert.

Nedgravde løysingar

Det er ikkje teke standpunkt til kven som skal betale for desse.

Ut frå revisjonen sine innhenta opplysningar frå Miljøverndirektoratet skal utbygger/ og ikkje av gebyra. Dette er då feil handtert – ikkje retta. Revisjonen er ikkje kjent med om SSR har undersøkt regelverket nærare. Rep. skapet har slutta seg til revisjonen si tolkning.

Revisjonen meiner at handtering av nedgravde løysingar kan vere feil.

Investering – drift

Investeringskostnader er ført direkte i drifta. Dette var påpeika, men ikkje retta.

Over/underskotsdisponering

Feilhandtering, då tidlegare overskot skulle vore oppløyst i 2019.

Revisjonen si konklusjon

«Vi kan ikkje sjå at alle forhold knytta til selskapskontrollen sin forvaltningsrevisjonsdel er korrigerert.

Det forelegg etter vår meining også brot på generasjonsprinsippet mht. 5-prs frist for oppløysing av overskot for 2014.

Vurdering

Det er ikkje tilfredsstillande at Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret (eller alle eigarkommunane sine kommunestyret) på dei tilhøve som Søre Sunnmøre kommunerevisjon peika på i selskapskontrollen. Representantskapet/eigarorganet som kommunestyret/a bad følgje opp tilhøva som kom fram i rapporten burde ha følgd opp kommunestyret/a sitt vedtak.

Når det gjeld pkt. 2 i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 34/20 har ein enno ikkje motteke tilbakemelding frå ordføraren.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
54/20	216	30.10.2020	04.11.2020	JS

ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS for Ulstein kommune, datert 18.09.2020.

Vedlegg

1. Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon for Ulstein kommune datert 18.09.2020.
2. Forskrift om Kontrollutvalg og Revisjon.

Saksopplysningar

Ny kommunelov fører til endringar i føresegnene om revisor sine oppgåver frå og med rekneskapsåret 2020. Ein viser her til kapittel 24 særleg om:

- Budsjettpremissar - Kommuneloven (KL) §§ 24-5, 3 ledd, 24-6, 3. ledd og § 24-8, 2. ledd bokstav e samt siste ledd
- Skriftlege påpekningar fra regnskapsrevisor - kommuneloven § 24-7
- Eierskapskontroll - KL § 24-2 Revisors ansvar og myndighet
- Konsolidert årsregnskap – KL § 14-6

Hensikta med engasjementsbrev er å teikne ned vilkåra for oppdraget og kommunisere dette med oppdragsgivar, noko som skal sikre ei felles forståing for arbeidsoppgåver og ansvar mellom revidert part og revisor.

Adressat for styring og kontroll er delt på ein nokon annan måte i kommunal sektor enn i private verksemdar. Kommunestyret er kommunen sitt høgaste organ, jf. KL § 5-3.

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval som skal føre løypande kontroll på kommunestyret sine vegne, jf. KL § 23-1. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre den løypande kontroll med den kommunale forvaltning, jf. KL § 23-2. På dette grunnlag har kontrollutvalet eit påsjå-ansvar overfor revisjonen. Jf. også Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 c. Engasjementsbrevet for revisjon av kommunen skal sendast til kontrollutvalet, med kopi til kommunen. Det same gjeld for kommunale foretak, då med likelydande brev til kontrollutvalet og styret i foretaket.

Med mindre det skjer endringar den reviderte eininga eller i revisjonen, er det nok å utarbeide engasjementsbrev ved byrjinga av kvar valperiode.

Vi viser til vedlagde engasjementsbrev for Ulstein kommune frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Den er i samsvar med retningslinene som Norges Kommunerevisorforbund tilrår til bruk.

Vi viser elles til sjølve engasjementsbrevet som omhandlar dette:

1. Innleiing
2. Revisjonen – formål og innhald
3. Innsynsrett og teieplikt
4. Rapportering og dialog
5. Personvern
6. Andre tenester

Revisor vil vere til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan gi forklaringar og utfyllande opplysningar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
55/20	216	29.10.2020	04.11.2020	KS

REVISJONSPLANLEGGING 2020 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2020 – finansiell revisjon», for Ulstein Kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

Vedlegg

1. Dokument, av 17.09.2020. «Vurdering av uavhengigheit».
2. Revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.).** Vert sendt i posten og må leverast inn igjen etter møtet.

I møtet

Leiaren reiste spørsmål om å stenge møtet ved revisor sin gjennomgang av planleggingsdokumentet, dersom det var spørsmål til revisor.

Det vart gjort greie for grunnlaget for at møtet burde stengast. Ein gjennomgang i ope møte vil føre til at dei organ som skal kontrollerast vil få innsyn og kunne påvirke muligheita for forsvarleg kontroll.

Både debatten og avstemminga om lukking av møtet vart gjort i ope møte.

Kontrollutvalet vedtok å stenge møtet md heimel i Kommunelova § 11-5 3.lekk b). Jf. Offl. §24. 1. lekk

Oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu orienterte frå planleggingsdokumentet, som var sendt ut/delt ut, og skal leverast tilbake til sekretariatet. Ho svara og på spørsmåla som kom.

Etter orienteringa frå revisor vart møtet opna igjen.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for 2020, for å sikre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. informasjon: (unnateke off. innsyn):

- Oppdragsvurdering
- Beskrivelse av virksomheten
- Risikoanalyse
- Fastsettelse av vesentlighetsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk

Halldis Moltu er til stades i møtet. I den grad det er ønskeleg vil ho gå gjennom dokumentet og svare på spørsmål. Møtet vert i så fall lukka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
56/20	033	28.10.2020	04.11.2020	JS

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om skriftleg orientering vedkomande kjøpet av Bygdetunet, om kva som skal skje med Bjørndals minne og kva som skjer med avhending av Eiksund, Flø og Dimna skular. Samt status vedkomande Borgarøya. Tilbakemelding til sekretariatet innan 19.11.2020 for behandling i kontrollutvalet 03.12.2020.
2. Ber om at kommunedirektør møter i kontrollutvalsmøte 03.12.2020 for å gi utfyllande opplysningar og svare på spørsmål.
3. E- post frå Arnstein Nordbotten vert å behandle i eiga sak 58/20 i dette møtet.

I møtet

Følgjande kom fram:

Berit Lyngstad: Kontrollutvalet bør få orientering om kjøpet av Bygdetunet.

Gerd Bang Brevik: Kontrollutvalet bør få orientering om kva skal skje med Bjørndals minne.

Vivian Roppen: Kontrollutvalet bør få orientering om kva skjer med avhending av Eiksund, Flø og Dimna skular. Samt status vedkomande Borgarøya.

Sekretariatet Vest kontroll leverte ut e-post m/vedlegg frå Arnstein Nordbotten datert 02.11.2020. Dette vert å sjå på i eiga sak 58/20.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
57/20	217	30.10.2020	04.11.2020	JS

BESTILLING AV PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, med levering til sekretariatet innan 20.10.2020.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde den 29.10.2020 vedtak i saka Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap i samsvar med kontrollutvalet si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
 - Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg
 - Oppfølging av brukarbetaling i institusjon
 - Sakshandsaming i byggjesaker (utøving av Plan- og Bygningslova)
 - Sjølvkost innan VAR-området (oppfølgingsprosjekt)
 - Beredskap (ROS-analyse og beredskapsplan)
 - Kommunalt arkiv (ute i einingane, særskilt helse og omsorg)
 - Område innan PPT-tenesta
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å vedta prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

For straks å kome vidare i utføringa av eit prosjekt bør ein no bestille prosjektplan, for behandling på utvalet sitt møte den 03.12.2020.

Det vedtekne prosjekta er ikkje i prioritert rekkefølge, så utvalet står fritt i prioritering. Sekretariatet tenkjer det er greitt å starte med prosjektet Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Dette er prosjektet revisjonen har utført i andre kommunar, dei har difor erfaring på slik utføring og kan då kome raskt i gang.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
58/20	033	04.11.2020	04.11.2020	JS

SKULDINGAR MOT KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek avstand frå skuldinga Arnstein Nordbotten set fram i e-posten av 02.11.2020, om at «Kontrollutvalet var i perioden 2007-2010 medspiller i å villedde, skape uvitenhet og falsk trygghet hos allmennheten, institusjonsbeboerne og deres pårørande».

I møtet

Kontrollutvalet registrerar at Arnstein Nordbotten i si e-post, av 02.11.2020 stila til kontrollutvalet sitt sekretariat Vest kontroll i punkt 2.2 kjem med skuldingar mot tidligare kontrollutval.

Møtet slutt.

Ivar Mork
Leiar

Gerd Bang Brevik
Medlem

Utskift til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar og kommunedirektør til orientering.